

Uskedalsjente konfirmert i Spania

06.04.2009



Thea Ingebjørg Gjertsen etter konfirmasjonen.

Palmesundag var det konfirmasjon i sjømannskyrkja Pastor Strømnes Minnekirke i Alfas del Pi i nærleiken av Benidorm på Costa Blanca i Spania.

Uskedalsjenta Thea Ingebjørg Gjertsen var ein av konfirmantane.

Det var 17 konfirmantar som stod til konfirmasjon i strålende sommarver med omlag 20 grader og sol.

Konfirmasjonssundagen er ofte lagt til palmesundag då det gjer det svært eigna for slekt og vener som kjem ned til denne høgtida.

Kyrkja ligg like i nærleiken av Solgården som er ein mykje nytta stad for solhungre nordmenn. Denne sundagen var kyrkja fullsett av folk som ville vera med og feira den fine dagen med konfirmantane. Det heile vart ei stilfull, høgtidssam og minnerik oppleving.

Av Einar Gjertsen